

# Frisørgigant på plass

■■ Ledd i stor satsing ■■ Spanande marknad

**SOGNDAL: Fullt trøkk, og mykje folk var innom då salong nummer 65 i rekkja i frisørkjeda Nikita opna på Sogningen storsenter torsdag.**

Salongen som har fire tilsette, er den andre i fylket, og eit steg i storsatsinga som kjeda no har på Vestlandet.

– Nikitakjeda er 25 år gamal, me byrja i Nordland og har sakte bevega oss sørover mot Austlandet og no satsar me stort på Vestlandet, seier driftsdirektør i Nikita Hair, Mette Engeli.

## Spanande

– Sogndal er ein spanande plass, her skjer det mykje. Det er ein liten, men framleis veldig markant plass, som synleggjer seg godt ut. Å koma på plass i senteret ser eg på som ein stor fordel, og er perfekt i forhold til vår strategi, som går ut på å møte kunden der dei er, me skal vere lett tilgjengeleg og har et bevisst val på plassering i mange store kjøpesenter rundt i landet, fortel Engeli.

– Kva er spesielt med Nikita

*Hair, i forhold til andre kjeder?*

– Me er veldig aktive på sosiale media, og møter kundegruppene våre der. Me jobbar mykje mot det unge og transparente i motebiletet, og me har produkt som andre ikkje fører.

## Lokal kompetanse

Det var ikkje tilfeldig at kjeda no etablerer seg i Sogndal, og takka vera utvidinga av storsenteret ser kjeda moglegheitene i Sogn.

– Sogndal kom opp som eit godt og spanande alternativ då Sogningen skulle byggje ut, sidan me er på alle dei fleste store kjøpesentera i Noreg. Sogningane bør vere stolte over og ha fått eit så flott og inkluderande kjøpesenter, og me meiner at me passar

perfekt inn i det sjiktet, avsluttar Engeli.

## Oppfølging

Marknadsdirektør Christinah Nicolaisen meiner lokal kompetanse er viktig for drifta.

– Eg er utruleg glad for og ha med flinke lokale tilsette, det er dei som utgjer produktet og representerer oss utad. Nikita kjeda har satsa høgt på kompetanse og har vunne fleire gjeve prisar. Så me har eit sterkt fokus på kvalitet igjennom dei tilsette, noko som me føl opp igjennom vidare kursing, oppfølging, samt det og vera oppdatert i marknaden, seier Nicolaisen.

Marte Totland Skjerdal  
og Håvard Nesbø  
hn@sognavis.no



**SPENT:** F.v: Driftsdirektør i Nikita Hair Mette Engeli og Marknadsdirektør Christinah Nicolaisen, er nøgde og spenta over etableringa i Sogndal, og konstaterte med mykje folk på opningsdagen. (Begge foto: Anders Fardal)



**NYTT:** Alt er nytt i den nye delen på Sogningen storsenter. Frisørkjeden Nikita føyer seg inn i rekkja med nyetableringar i Sogndal denne hausten.